



KVITeseID KOMMUNE

HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT 2011 ØKONOMIPLAN 2012- 2014

Analysen for din egen kommune:

0829 Kviteseid

Rangering Kommunebarometeret **7** av 429 kommuner

Rangering uten hensyn til inntektsnivå **24** av 429 kommuner

Sektor (vekt)	Karakter	Indeks	Plassering
Pleie og omsorg (25)	5	122	71
Grunnskole (25)	5	108	140
Barnevern (10)	5	124	96
Barnehage (10)	6	163	25
Sosialhjelp (10)	4	113	145
Administrasjon (5)	5	112	88
Kultur og nærmiljø (5)	3	88	246
Økonomi (10)	6	200	38
Samlet	6	131	7
Samlet uten hensyn til inntekt	6	126	24

Rådmannen sitt framlegg av 11.11.2010

INNHALD

1. INNLEIING	3
2. HANDLINGSPROGRAM 2011	5
2.1. BALANSERT MÅLSTYRING (BMS).....	5
2.2. OVERORDNA SAMFUNNSUTVIKLING	6
2.2.1. <i>Folketalsutvikling</i>	6
2.2.2. <i>Samfunnsikkerheit og beredskap</i>	7
2.2.3. <i>Kommuneplanen - samfunnsdelen</i>	7
2.3. ORGANISASJON/ MEDARBEIDAR	7
2.4. BRUKARAR.....	8
2.5. ØKONOMI – OVERORDNA MÅL	9
2.6. INTERKOMMUNALT SAMARBEID	10
2.6.1. <i>Samfunnsutvikling</i>	10
2.6.2. <i>Tenestesamarbeidet</i>	10
3. BUDSJETT 2011 – ØKONOMIPLAN 2012 – 2014	12
3.1. TEKNISKE FØRESETNADER	12
3.2. DET GENERELLE INNTEKTSGRUNNLAGET	12
3.3. NYTT UTGANGSPUNKT – REVIDERT BUDSJETT 2010.....	13
3.4. INVESTERINGSBUDSJETTET	13
3.4.1. <i>Investeringar i 2011</i>	14
3.4.2. <i>Prosjekt som blir vidareført frå 2010</i>	14
3.4.3. <i>Investeringar framover i økonomiplanperioden (2012-2014)</i>	14
3.4.4. <i>Andre investeringstiltak</i>	15
3.5. DRIFTSBUDSJETTET	15
4. SEKTORVISE HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETTKOMMENTARAR.....	16
4.1. POLITISK VERKSEMD	16
4.2. SEKTOROVERGRIPANDE TENESTER	16
4.2.1. <i>Rådmann, fellestenester</i>	16
4.3. SEKTOR FOR SKULE OG BARNEHAGE	17
4.4. SEKTOR FOR HELSE OG OMSORG	20
4.5. SEKTOR SERVICE OG UTVIKLING.....	24
4.5.1. <i>Kultur og næring</i>	24
4.5.2. <i>Teknisk drift</i>	26
4.5.3. <i>Landbruk</i>	28
4.6. INTERKOMMUNALE EININGAR OG NAV	29
4.6.1. <i>Interkommunalt plankontor for Kviteseid og Nissedal</i>	29
4.6.2. <i>Barnevern</i>	29
4.6.3. <i>NAV</i>	30
4.7. KYRKJA	31
5. KOMMUNALE AVGIFTER OG BRUKARBETALING	31
5.1. VATN, AVLØP OG RENOVASJON	32
5.2. ANDRE AVGIFTER OG BRUKARBETALINGAR	32
6. FOND OG GJELD	33
7. STILLINGAR	34
8. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETTVEDTAK.....	35
9. VEDLEGG	35

1. Innleiing

Om dokumentet

Budsjettdokumentet i år byggjer på lesten frå 2010. Dei einskilde endringstiltaka er skildra i eit kapittel som heiter sektorvise utfordringar. Her er det også utforma ein handlingsplan for sektoren i året som kjem. Når det i teksten under blir referert til tabellar som m.a 1A, 1B osv, er det vist til tabellane som ligg med som vedlegg til tekstdelen. Der finn du meir detaljerte tal enn dei som går fram av tekstdokumentet. Nytt av året er at kvar einskild eining har fått si eiga side slik at det skal vera lettare å få oversikt over endringane.

Rådmannen si innleiing

Når dette budsjettet vert lagt fram er det på tampen av eit godt år for Kviteseid kommune. Store prosjekt som Kviteseidhallen og Vrådal sentrum er i ferd med å bli avslutta samstundes som me har opna ei ny dement avdeling på sjukeheimen. I tillegg er me blitt kåra til den 7. beste kommunen i Noreg når me ser samla på effektivitet og kvalitet på tenestene. Mykje ros har me og hausta frå andre kommunar for god økonomistyring på vegen ut av ROBEK.

Mange kommunar varslar i desse dagar kutt i tenestetilbodet som følgje av eit strammare opplegg frå staten si side. Andre slit med stor opparbeidd gjeld som krev auka utgifter til renter og avdrag. Kviteseidbudsjettet for 2011 inneber ingen slike kutt i tenestetilbodet. Det ligg heller ikkje konkrete framlegg om dette inne i økonomiplanen. På nokre område er det faktisk lagt opp til styrkingar av tilbodet. Det er heller ikkje lagt opp til store endringar i betalingssatsar og avgifter. Slik sett bør dette vera eit godt budsjett både for innbyggjarar og tilsette i kommunen.

Det er likevel med ei viss uro at eg som rådmann legg fram dette budsjettet. Auka kostnader som følgje av ei kostbart lønsoppgjør og stadig nye lovkrav som gjev brukarane spesifikke rettar til å få tenester frå kommunen, medfører ein urovekkjande vekst i driftsnivået vårt. Dette har gjort at det ikkje har vore råd å få i hamn dette budsjettet innafor dei økonomiske måla våre.

Gjennom vedtaket om opning av skjerma avdeling på KOS i budsjett for 2010, gav kommunestyret avkall måålet om å avsetje 4 % av alle inntekter som eigenkapital til investeringane. Rådmannen oppfattar dette som eit signal om at dei mest sentrale krav til kvalitet på våre tenestar skal gå føre dette målet. Konsekvensen av dette er eit snautt investeringsbudsjett for dei næraste åra. Skal me igjen få musklar til å gjennomføre større naudsynte investeringar må driftsnivået ned utover i perioden. Alternativt må gjelda aukast vesentleg ut over måлтаlet om 100 mill kr (2006 kr).

På denne bakgrunn er det urovekkjande signal som kjem frå staten om stadig auka krav til tenestene samstundes som det og blir varsla eit strammare opplegg for statsbudsjettet i åra framover. Saman med den nedgangen i folketalet, tyder det på at utgiftene våre på sikt er i ferd med å overstige den økonomiske bereevna. Samhandlingsreform og auka tal på eldre i kommunen vil krevje større ressursar samstundes som kampen om arbeidskrafta truleg vil føre til auka lønskostnader. Samstundes er det vanskeleg å prioritere nok resursar til vedlikehald av teknisk infrastruktur som bygg, vegar m.v. Me har og behov for fleire større investeringstiltak.

Utover i økonomiplanperioden må me derfor sjå på tiltak som kan redusere driftskostnadane våre. Presentasjonane som er gjeve gjennom året om kvalitet og effektivitet på tenestene våre viser at me jamt over har ei effektiv drift. Det er derfor ikkje mange områder der det er mogleg å effektivisere. Interkommunalt samarbeid på helseområde kan vera eit alternativ. Som følgje av sviktande barnetal kan strukturendringar innan skule også vera eit alternativ.

Avslutningsvis er det likevel viktig å presisere at det fagleg og økonomiske grunnlaget for å gå inn i drøftingar om korleis me skal etablere eit meir berekraftig driftsnivå er godt. Me har framleis ei solid økonomisk plattform og mange dyktige fagfolk som er stand til å møte denne type utfordringar. Det viktigaste er at me kjem i gang med dette arbeidet i god tid medan me enno har eit godt handlingsrom til å gjera ulike strategiske val.

Kviteseid 11.11.2010

Hans Bakke
rådmann

2. Handlingsprogram 2011

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einskilde lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal planstrategi som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeidde ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Vidare seier lova følgjande: ”*Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*”

På denne bakgrunn vil budsjett og økonomiplan for 2011 også innehalde eit handlingsprogram som har tett samanheng med budsjettet, men som også set opp mål som ikkje så direkte er knytt opp til konkrete prioriteringar i budsjett.

2.1. Balansert målstyring (BMS)

BMS er eit system for mål og resultatstyring der ein utformar kvalitative og kvantitative mål for heile den kommunale verksemda knytt til også andre parametrar enn økonomi. Døme på dette kan vera mål for sjukefråvær, tal på byggesaker som er handsama, prosjekt som er gjennomført, eller brukarane si vurdering av kvaliteten på ei teneste som kommunen leverar.

I handlingsprogrammet for 2010 vart det vedteke å etablere eit system for balansert målstyring. Dette er i utgangspunktet eit ambisiøst som det er krevjande å realisere. 2010 har derfor gått med til å gjeva tilsette og politikarar kunnskap om dette. Gjennom årsmelding, deltaking i effektiviseringsnettverk innan omsorg, utarbeiding av tilstandsrapport for skulen og analysar utført av KS har kommunestyret fått innsikt i kva som er sterke og svake sider ved den kommunale verksemda. Statusen er god. Kommunebarometeret plasserar oss på 7. plass i Norge! Utfordringa vidare er å bruke denne kunnskapen til å setje kunnskapen i system slik at me set mål, måler resultatata, evaluerar dei og brukar denne kunnskapen til å korrigerar måla. Arbeidet med å utvikle eit eig system for dette i vår verksemd derfor halde fram i 2011.

Utgangspunktet for handlingsprogrammet er framleis dei fire fokusområda som vart vedteke i fjor:

- *Samfunn*
- *Organisasjon/medarbeidar*
- *Brukarar*
- *Økonomi*

Mål: *Vidareutvikle kommunen basert på prinsippa om mål og resultatstyring*

Sidan dette er eit sektorovergripande mål blir det også lista opp tiltak her i denne del av dokumentet.

Tiltak: *Arbeide vidare med å utvikle eit system for balansert målstyring (BMS) for Kviteseid kommune*

2.2. Overordna samfunnsutvikling

Gjeldande kommuneplan, samfunnsdelen, vart vedtatt av kommunestyret 05.10.1995, og er gjort gjeldande fram til 2010. Følgjande overordna mål for utviklinga i kommunen er vedteken i planen:

Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn

Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Satsingar på fleirbrukshall m.m. styrkar dette. Hovudutfordringa vår er ein stadig reduksjon i folketal som også har den uheldige konsekvens at me stadig får ei skeivare aldersfordeling med fleire eldre og færre barn og unge.

2.2.1. Folketalsutvikling

Ein av kommunen sine dei viktigaste oppgåver i tillegg til tenesteproduksjon, er å samordne sektorane si planlegging med sikte på å utvikle lokalsamfunnet. Ein grunnleggjande premis for all langsiktig planlegging av den kommunale verksemda er utviklinga av innbyggjartalet i kommunen. Tabellen nedanfor SSB si framskriving av folketalsutviklinga i Kviteseid med utgangspunkt i 1.1.2010.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2020
0-5 år	127	115	120	119	116	116	117
6-15 år	296	301	291	283	272	264	229
16-22 år	236	233	224	214	213	207	201
23-66 år	1 398	1 400	1 406	1 406	1 402	1 403	1 357
67-79 år	290	283	280	283	291	292	343
80-89 år	141	140	136	136	133	136	129
90+	34	31	34	35	35	39	32
Sum	2 522	2 503	2 491	2 476	2 462	2 457	2 408

Tabell 1: Framskriving av folketal utviklinga i Kviteseid med utgangspunkt i 1.1.2010

	Total 1.1.10	Fødde	Døde	Netto	Innflytting	Utflytting	Netto Flytting	Folke- tilvekst	Total
Endring	2 522	12	-10	2	32	55	-23	-21	2 501

Tabell 2: Endringar i folketal fyrste halvår 2010

Den reelle endringa i løpet av året går fram av tabellen ovanfor og vi ser der at det trass i eit lite fødselsoverskot så er utflyttinga så stor at folketalet vert redusert med 21 bare i løpet av fyrste halvår. Status pr 1.10.2010 er eit folketal på 2491. Det tyder at utviklinga går fortare i negativ retning enn det som prognosane til SSB viser. (Vår prognose for folketalsutvikling går fram av side 8 i tabellheftet.)

Når me veit at folketalet i Norge veks så vil dette få store konsekvensar for Kviteseid kommune ved at inntektene frå staten blir redusert med heile 3 mill kr i økonomiplanperioden. Den store nedgangen i barnetal som prognosen viser gjev særleg grunn til uro. Held utviklinga fram på denne måten vil det bli naudsynt å sjå på skulestrukturen også i Kviteseid.

Til alt hell ser det ut som talet på yrkesaktive held seg, men talet på unge eldre veks monaleg. Det blir derfor viktig for oss at desse held seg friske og i aktivitet slik at ikkje etterspurnaden etter kommunale omsorgstenestar veks for mykje.

2.2.2. Samfunnsikkerheit og beredskap

Kommunen leverar sentrale tenester på svært mange område til innbyggjarane. Heile lokalsamfunnet vårt er avhengig av at den kommunale verksemda går sin gang uavhengig av uhell som skuldast teknisk svikt, menneskeskapte hendingar eller naturkatastrofar. Det er derfor viktig at kommunen har eit planverk som tek høgde for at slike hendingar kan oppstå. Overordna myndigheit er også oppteken av dette og fører tilsyn med at kommunen er budd på unormale hendingar.

Mål: *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulik slag*

Tiltak:

- *Oppdatere overordna planverket knytt til sivil beredskap*
- *Utarbeidde oppdaterte risiko og sårbarheitsanalysar (ROS) for alle einingane*

2.2.3. Kommuneplanen - samfunnsdelen

I handlingsprogrammet for 2010 vart det vedteke å starte prosessen med å utarbeidde ny samfunnsdel til kommuneplanen. Som vist ovanfor er utfordringane våre knytt til folketalsutvikling så store at det er avgjerande å sjå på dei gjennom eit overordna strategisk analysearbeid der resultatet gjev grunnlag for utforming av ein overordna strategisk kommuneplan. Dessverre har dette arbeidet blive noko forseinka men i sak til formannskapet 1.12.10 blir det lagt fram eit framlegg til planprogram for dette arbeidet. Ein tek der sikte på å ferdigstille planen i løpet av 2011.

Folketalsutviklinga slik ho går fram av tabellane over understrekar og kor viktig det er å starte dette arbeidet no, slik at me kan heve fokuset litt fram i tid med sikte på å utvikle gode strategiar for å møte desse utfordringane. Folketalsutvikling er ein grunnleggjande premis for dimensjonering av dei kommunale tenestene og når behova endra seg og inntektene går ned så tvingar det fram endringar i det kommunale tenestetilbodet. Målet med kommuneplanarbeidet må derfor vera å skape ein god arena for å drøfte korleis me skal møte desse utfordringane.

Tiltak: *Utarbeidde ny samfunnsdel til kommuneplanen*

2.3. Organisasjon/ medarbeidar

I ein kommune er medarbeidarane den viktigaste ressursen vi har. Utan kompetente og motiverte medarbeidarar er det ikkje mogleg å produsere gode tenester. Gode tenester er naudsynt for å vera ein attraktiv kommune. Arbeidet med å utvikle organisasjonen med sikte på vidareutvikle kommunen som ein spennande og attraktiv arbeidsplass må halde fram med full styrke. Erfaringane m.a. frå opning av skjerma eining viser at rekrutteringsutfordringane blir større og større. Skal me vinne kampen om arbeidskrafta må dette halde opp ein stor innsats på dette fokusområdet.

Arbeidsgjevarpolitikken til kommunen slik han vart vedteken av kommunestyret i sak 38/09 dreg opp hovudmåla for dette arbeidet

- *Leggje til rette for ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for brukarane våre.*
- *Styrkje og utløyse det menneskelege potensiale i organisasjonen.*
- *Gjera kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar.*
- *Gjeva grunnlag for trivsel og utvikling for den einskilde medarbeidar.*

Verdigrunnlaget:

Arbeidet med å nå desse måla har hatt eit stort fokus i 2011 med utarbeiding av nye personalreglement og etiske retningslinjer. Gjennom ein omfattande prosess i organisasjonen har vi og utvikla verdisett for kommunen sine tilsette. Følgjande verdiar skal vera overordna for vårt arbeid:

Som tilsette i Kviteseid kommune skal me i møte med innbyggjarar og kollegaer:

- Vise **respekt** i alle samanhengar
- Utføre arbeidet vårt på ein **profesjonell** måte
- Vera **nyskapande** både i dagleg oppgåveløysing og utviklingsarbeid for framtida.

Sjukefråveret har vist ein stigande tendens i 2010. Implementering av ny IA-avtala og iverksetjing av tiltak som kan redusere sjukefråveret blir viktige innsatsområde i 2011.

På denne bakgrunn skal følgjande tiltak ha prioritet i 2011.

Tiltak:

- *Ferdigstilling av HMS-systemet*
- *Inkludert i dette skal vera eit systematisk opplegg for medarbeidarsamtaler og personalmøte på alle einingar*
- *Samarbeidde med NAV og bedriftshelsetenesta for å gje tett og god oppfølging av dei sjukmeldte.*
- *Utvikle betre rapportering av sjukefråver frå einingane*
- *Halde fram med leiarutviklingsprogrammet med sikte på å utvikle eit betre og meir heilskapleg leiarskap i kommunen*

2.4. Brukarar

Kommuneorganisasjonen si hovudoppgåve er å levere tenester til brukarane våre. Primært gjeld dette innbyggjarane våre, men også fritidsinnbyggjarane som nyttar kommunale tenester. Derfor nyttar me her omgrepet brukar.

Ein viktig føresetnad for å kunne vidareutvikle våre tenester er å ha ein god dialog med brukarane slik at me får informert om verksemda vår samstundes som me legg til rette for at dei kan koma med spørsmål og tilbakemelding på desse tenestene.

Som nemnt tidlegare har me i løpet av 2010 henta inn synspunkt frå brukarane på fleire område, både gjennom granskingar i regi av effektiviseringsnettverket til KS og gjennom demokratigranskinga frå KS. Resultata er positive, men me treng å systematisere dette arbeidet og gjera det meir kjent for brukarane.

Heimesida vår ei anna form for dialog som gjev informasjon direkte ut til den einssilde med høve til å kontakte kommunen på telefon eller epost. Her er me med i eit interkommunalt samarbeid som vil bidra til å lyfte kvaliteten på heimesidene vår ytterlegare.

Me kan framleis forbetre kommunikasjonen via eldreråd og menneske med nedsett funksjonsevne samt idrettsrådet. Dette arbeidet bør derfor halde fram i 2011. Utfordringa er å bidra utan at det blir kommunen sjølv som driv desse organisasjonane.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar via både dei etablerte dialogfora og direkte meldingar til administrasjonen kan me formulere følgjande hovudmål for dette fokusområdet.

Hovudmål: Halde fram med å utvikle eit systematisert opplegg for dialog med våre brukarar som ledd i ei systematisk kvalitetsutvikling.

Tiltak:

- **Vidareutvikle våre nettsider slik at me kan gjeva betre informasjon**
- **Vidareutvikle samhandlninga med våre brukarar gjennom dei etablerte dialogfora; eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og idrettsrådet.**

2.5. Økonomi – overordna mål

I økonomiplanen for 2011-2013 vart det dregne opp ambisiøse langsiktige mål for den økonomiske utviklinga i kommunen. Med utgangspunkt i dei endringar som kommunestyret gjorde i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2010, og dei endra økonomiske rammevilkår m.a. som følgje av staten sine endringar i kostnadsnøkkelen (grunnlag for dei økonomiske overføringane til kommunen), er det gjort framlegg om endringar i dei økonomiske målsetjingane som har vore styrande for budsjettarbeidet. Reint konkret inneber det at ein ikkje har funne rom for å overføre 4 % av inntektene som grunnlag for å finansiere investeringar. I staden har me gjort framlegg om å ta inn netto driftsresultat som del av dei økonomiske måla. Her rår KS til at dette må vera på 3 % over tid for å møte dei langsiktige utfordringane både innafor drift og investering.

Økonomiske mål:

- 1) Kviteseid skal nytte NDR (netto driftsresultat) som styringsmål – ambisjonen er 3 % over tid noko som er i tråd med KS sine tilrådingar.
- 2) Budsjetta skal vere reelle og peike mot ein berekraftig kommune.
- 3) Ved vedtak om hausten skal budsjettet ha ein buffer på 1 mill kr til å dekke uføresette hendingar gjennom året.
- 4) Momskompensasjon som fylgje av investeringar skal nyttast som finansiering i investeringane, og ikkje i drift. (*Merknad: frå 2014 vil rekneskapsreglane bli endra slik at det ikkje vil vere høve til anna Det skjer ei overgangsordning fram til då.*)
- 5) Dei kommunale avgiftene skal over tid liggje slik at dei gjev full dekningsgrad i høve til utgiftene.
- 6) Vi skal til einkvar tid ha eit disposisjonsfond på minst 3 mill kr. Det skal ikkje vere trong for kassakreditt.

- | |
|---|
| <p>7) Gjelda ved utløpet av denne kommunestyreperioden skal ikkje vere over 100 mill 2006-kroner. (<i>Merk: Nå tolka som 100 mill korrigert for endringar i KPI.</i>) Unntaksvis kan høgare lånegjeld berre bli vurdert dersom det kan påvisast at årsaka til låneopptaket inneber at driftsbalansen (inkl renter og avdrag) ikkje blir forverra.</p> <p>8) Av omsyn til inntektsgrunnlaget og eit etterslep på investeringssida må opprettinga av nye faste stillingar bli vurderte kritisk frå gong til gong.</p> |
|---|

2.6. Interkommunalt samarbeid

2.6.1. Samfunnsutvikling

2011 blir eit år med store utfordringar for det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark. Fellesfondet er no avvikla og dermed er den store lokale finansieringskjelda for felles samarbeidstiltak i Vest-Telemark borte. Det nye Telemarksfondet vil delvis kunne erstatte Fellesfondet, men bruken av midlar i det fondet er ikkje styrt lokalt i vår region. I skrivande stund har fylkestinget vedteke at dei vil medverke med eit beløp på i overkant av 2 mill. kr til å finansiere regionsamarbeidet vårt. Dette er estimert til å utgjera om lag 50 % av kostnadene med samarbeidet vurdert ut frå organiseringa slik ho ligg føre i dag. Det vil derfor bli ei stor utfordring i 2011 å delta aktivt i drøftingane av korleis regionsamarbeidet skal organiserast og dimensjonerast. Sidan det ikkje er semje om finansieringsmodellen, er det ikkje lagt inn midlar til dette i budsjettet, men avhengig av modell dreiar dette seg om ei ny fast overføring frå næringsfondet på mellom 0,2 og 0,4 mill kr.

Mål: *Bidra aktivt til å utvikle Kviteseid som eit livskraftig bygdesamfunn gjennom samhandling med dei andre kommunane.*

Tiltak:

- *Bidra aktivt til å etablere eit slagkraftig og robust interkommunalt samarbeid gjennom Vest-Telemarkrådet og Vest-Telemark Næringsutvikling*
- *Delta aktivt i Vest-Telmarkrådet med tilhøyrande samarbeidsprosjekt innafør dei rammer som økonomiplanen dreg opp for perioden.*

2.6.2. Tenestesamarbeidet

Tenestesamarbeidet vårt er omfattande og ein viktig del av det totale tenesteilbodet til våre innbyggjarar. Av dei mest sentrale kan nemast:

- Vest-Telemark pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) (IKS)
- Vest-Telemark brannvesen (IKS)
- Renovest (AS)
- Barnevernssamarbeidet (vertskommune)
- Plankontoret, lønningskontor, skatt og landbrukskontor (vertskommune)

Det hadde neppe vore mogleg å tilby den kvalitet på desse tenestene om ikkje me hadde hatt desse samarbeida. Ulempa er at dei har ulik styringsdialog frå AS via IKS til vertskommune. Det er derfor ei utfordring å framskaffe tilstrekkeleg styringsinformasjon både til administrasjonen og vidare til det politiske nivå. Kommunen rår over ei avgrensa mengde ressursar til den samla tenesteproduksjonen og det er viktig at vi prioriterar desse rett. Det

tyder at dei interkommunale einingane må underleggjast same tette oppfølging og krav til effektivitet som våre eigne einingar. Det er og slik at aktiviteten i desse einingane i stor grad påverkar aktiviteten i våre eigne einingar. Slik sett er det eit stort samordningsbehov mellom kommunen sine eigne einingar og dei interkommunale einingane. Etter rådmannen si vurdering tilseier dette at ein bør gjennomgå opplegget for samansetning av styra i desse selskapa og rutinane for val av styremedlemmar for desse selskapa. På same måte vil det truleg kunne vera behov for meir informasjon frå Kviteseid kommune til dei andre kommunane for dei tenestene me leverar til dei.

Mål:

- *Vidareutvikle dei etablerte samarbeidsinstitusjonane med sikte å gje eit godt lokalt tenestetilbod*

Tiltak:

- *Utarbeidde eigarskapsmeldingar for alle våre selskap, også IKS*
- *Arbeide for ei betre samordning av budsjetttrutinane for dei interkommunale samarbeida (vertskommune og IKS)*
- *Vidareføre arbeidet med å samordne og målrettinga av ressursbruken mellom PPT og skule- og barnehagesektoren – inkludert samordning av dei lokale oppmeldingsrutinane*
- *Utnytte Vest-Telemark Brannvesen til å heve kompetansen til dei lokale brannkorpsa.*
- *Bidra til ferdigstilling av ein ny modell for organisering av brannberedskapen i Vest-Telemark.*
- *Ferdigstille arbeidet med evaluering av samarbeidet med Nissedal med fokus på betre styring og vidare utvikling av samarbeidet.*
- *Vidareføre arbeidet med integreringa av barnevernssamarbeidet i Kviteseid kommune inkludert systematisering av kontakten mellom denne eininga og dei andre einingane som arbeider med barn og unge.*

3. Budsjett 2011 – økonomiplan 2012 – 2014

3.1. Tekniske føresetnader

Dette framlegget til budsjett for 2011 byggjer på økonomiplanen frå i fjor, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2010 samt statsbudsjettet for 2011. Alle opplysningar er oppdaterte pr 29. oktober, så langt råd er. Føresetnaden er ein rekneskap for 2010 i balanse. I boksen nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort.

- Kostnadsauken frå 2010 til 2011, ofte kalla deflatoren, er sett til 2,8 %. Den er sett saman av ein lønsvekst på 3,25 % og ein prisvekst på 2,0 %.
- Pensjonskostnad for medlemmar i KLP på 13,5% og pensjonskostnad på 13,0 % for lærarar i SPK. Dette er dei same tala som for budsjettet for 2010.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % slik som for 2010.
- Ein straumpris på 95 øre inkl. nettleige og alle avgifter. Straumprisen i opphavleg budsjett for 2010 var til samanlikning 79 øre.
- Ei renteutvikling som medfører ei gradvis renteoppgang frå 2,7% ved inngangen til 2011 og 5,0 % ved utgangen av 2014.

3.2. Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinngangen i Kviteseid har hatt ekstreme svingingar dei siste åra. I 2010 er skatteinngangen tilbake på eit normalt nivå. Regjeringa har gjort framlegg om at den kommunale skattøyren for personlege skatteytarar vert sett til 11,3 prosent i 2011. Det er ein reduksjon på 1,5 prosentpoeng frå 2010. Skattøyren er tilpassa føresetnaden om at skatten sin del av dei samla inntektene for kommunane skal reduserast til 40 prosent i 2011. Det er gunstig for oss som har hatt noko sviktande skatteinngang. Reduserte skatteinntekter vert kompensert med auka rammetilskot. I 2011 er det budsjettert med ein skatteinngang på ca 47,7 mil kr. Anslaget i budsjett for i fjor var 51,3. Inntektsutjamninga kompenserer likevel for denne endringa.

Rammetilskotet slik det går fram av statsbudsjettet for 2011 er lagt inn. Det er gjort store endringar i den kostnadsnøkkelen som ligg til grunn for fordeling av overføringane frå staten til kommunane. Dessutan blir barnehagetilskot og kvalifiseringsprogrammet innlemma i rammetilskot. Det er den største innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskot sidan 1985. Konsekvensen av dette er ein nominell kraftig auke i rammetilskot frå revidert budsjett 2010 til budsjettet for 2011.

Den nye kostnadsnøkkelen slår ikkje positivt ut for Kviteseid. Me kjem dårlegast ut i Telemark med ein nominell vekst i frie inntekter på 2,6 %. Korrigert for løns- og prisvekst inneber det ein reel nedgang i frie inntekter på 0,2 %. Saman med andre generelle statstilskot er dei samla frie disponible inntektene (LN6) budsjettert til 130,6 mill kr i 2011. Reelt sett er dette ca 0,5 mill kr mindre enn revidert budsjett for 2010.

For perioden 2011 – 14 er det lagt inn forventningar om vekst i dei nasjonale kommuneopplegga og ei prognose for utvikling i folketal og alderssamansetting. For kommunane samla inneber kommuneopplegget for 2011 ca 2,55 mrd i vekst. Vi har lagt til grunn at den generelle økonomiske utviklinga og trongen for å kome nærare den nasjonale handlingsregelen, tilseier at veksten framover ikkje kan bli så stor. I perioden 2012 – 2014 er det lagt inn ca 1,7 mrd i vekst for kommunane.

Netto finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til snau 2,0 mill kr i 2011 med eit gradvis løft frå 2012 til 2014. Med bakgrunn i finansieringsoppdraget for fleirbrukshallen er det lagt opp til at me skal budsjettere med minsteavdraga slik som regelverket gjev høve til.

Rentenivået er for tida lågt, med ei styringsrente frå Noregs bank på 2,0%. Me har lagt opp til at rentenivået vil halde seg her ut fyrste halvdel av 2011 jfr. Noregs Bank sin rentebane i møte 27.10. Sjølv om ein ventar stigning i åra framover vil det likevel truleg vera lågt ei tid framover. Avgjerd om større økonomiske disposisjonar som er store og irreversible bør derfor vurderast i ljøs av eit meir normalt rentenivå, dvs ei styringsrente på 5-6%.

3.3. Nytt utgangspunkt – revidert budsjett 2010

I tidlegare budsjett har me operert med eit utgangspunkt for vurdering av nye tiltak som har vorte kalla **basisbudsjettet**. Der har lønsauke og andre absolutte endringar vore innarbeidd. Erfaringane frå budsjettarbeidet i fjor viste at dette omgrepet ikkje var eintydig og at det vart tolka ulikt i administrasjonen. Det er derfor ikkje laga noko basisbudsjett for 2011.

Utgangspunktet no er revidert budsjett for 2010 som blir lagt fram til godkjenning i kommunestyret 11.11. Fordelen med å gjera det på denne måten er at alle endringar – også ordinær lønsauke fastsett i dei sentrale tingingane – blir synleggjort for kommunestyret pr eining. På same måte må ein då også synleggjera rammereduksjonar for endringar som bare har årsverknad. T.d. eingongsløyving til inventar eller IKT.

Nytt av året er også at me har teke bort samletabellen over nye tiltak samt aktive budsjett tiltak. No blir kvar eining synt for seg på ei side. Ulempa er at tabellverket blir meir omfattande, men me legg til grunn at det gjev betre oversyn over endringane pr eining.

3.4. Investeringsbudsjettet

I skrivande stund er me i ferd me å leggje bak oss eit år med eit historisk høgt investeringsnivå grunna Kviteseidhallen og sentrumsoppustinga i Vrådal. Som nemnt tidlegare er utsiktene for inntektsnivå og kostnadsutvikling framover relativt krevjande. I tråd med økonomiplanen frå i fjor er det derfor lagt opp til eit vesentleg lågare investeringsnivå for 2011 og vidare utover i planperioden. Behova for nye investeringar er tvillaust til stades, men nye større kostnadar i drifta m.a. som følgje av eit kostbart lønsoppdrag og ein del nye behov som følgje av lovpålagte krav, er det vanskeleg å overføre så mykje midlar som tidlegare frå drift til investering. Budsjett for 2011 er dermed saldert med ei overføring frå drift til investering som er vesentleg mindre enn tidlegare år. For ikkje å gjera situasjonen i økonomiplanperioden ytterlegare krevjande, har ein ikkje ynskt å auke låneopptaket vesentleg. Det ville og ha vore i strid med dei økonomiske målsetjingane. Dermed har handlingsrommet på investeringssida vorte svært avgrensa.

3.4.1. Investeringar i 2011

I tråd med økonomiplanen frå i fjor er det sett av 2,5 mill kr til nytt **tak på Kviteseid skule**. Tiltaket burde ha vore gjennomført for lenge sidan og må ha høg prioritet.

Forprosjekt til nytt **høgdebasseng m.m. i Brunkeberg** er sett opp med kr 0,4 mill kr.

Morgedal vassverk treng tiltak for å gje betre vasskvalitet. Dette prosjektet er sett opp med ei løyving på kr 1,8 mill kr. Nytt prosjekt i 2011 er eit **asfaltprogram for kommunale vegar og plassar** på 1mill kr pr år i heile økonomiplanperioden. Signala både frå innbyggjarar og frå teknisk drift er at behova på dette området er store. Dette er delvis finansiert ved å utfase den vedtekte aukinga i sommarvedlikehald på kommunale vegar med kr 0,2 mill årleg.

Med bakgrunn i folketalsutviklinga er det trong for å vurdere nærare kommunen sitt engasjement i å byggje nye bustadfelt. Den krevjande økonomiske situasjonen gjer det naudsynt å prioritere innsatsen på dette området. Det er neppe økonomisk handlingsrom til å etablere nytt bustadfelt både i Kviteseid og i Morgedal. Derfor er det sett av kr 0,3 mill kr til eit forprosjekt for å revurdere planane for **bustadfeltet på Midtsundtoppen** i Kviteseid. Med bakgrunn i eit oppdatert planverk for dette feltet må det i budsjettet for 2012 gjerast ei prioritering av kva for bustadfelt som bør realiserst fyrst.

3.4.2. Prosjekt som blir vidareført frå 2010

Bustadfeltet på Jore i Kviteseid vart ikkje realisert i 2010. Prosjektet vart spela inn som eit aktuelt felt for prøvebustad og arkitekt Sverre Sondresen som er tilknytt prøvebustadprosjektet arbeider no med ei skisse til løysing. I løpet av 2011 må det vurderast om ein skal gå vidare med prøvebustadkonseptet eller om ein skal leggje tomtene ut for ordinært sal.

Sentrumsopprustinga i Vrådal vil ikkje bli slutført før i 2011. Fylkeskommunen har vore kritiske til korleis prosjektet har følgd opp føringane knytt til kunstnarisk utsmykking og konsept for berekraftig stadutvikling. Dette kan gje trong for tileggsløyving i 2011. I 2011 må både dette og oppussingsarbeid nede ved vassfronten finne ei endeleg avslutning. Dessutan vil ein del av grøntarbeida i gata m.m. bli slutført i 2011.

3.4.3. Investeringar framover i økonomiplanperioden (2012-2014)

- Hovudprosjektet knytt til **høgdebasseng i Brunkeberg** er planlagt i 2012 med ein kostnad på kr 4,2 mill kr (pluss 0,4 i forprosjekt i 2011).
- **Bustadfelt i Morgedal** er sett opp med 0,5 mill kr i forprosjekt i 2012 og 2,5 mill kr til gjennomføring i 2013.
- Det er i 2012 sett av kr 0,2 mill kr til utbetring av **bruer** på kommunale vegar
- Med bakgrunn i vedteken **saneringsplan** for avløp i **Vrådal** er ringleidningen der omdefinert til eit samleprosjekt knytt til gjennomføring av denne planen. Kostnad er kr 0,5 mill kr i 2012 og 5,7 mill kr i 2013.
- **Gjestebyggja i Kviteseid** treng renovering til ein kostnad av 2,0 mill kr i 2013
- Asfaltprogrammet på **kommunale vegar og plassar** held fram i heile perioden med 1,0 mill kr pr år.
- I 2014 er det sett av kr 0,3 mill kr til ny **lagerhall** for kommunalt utstyr ved verkstadbygget på Flatin.
- Det er til slutt sett opp kr 0,3 mill kr til eit **forprosjekt til ein eventuell ny barnehage** i Kviteseid sentrum. Dette er teke med her som eit innspel til kommuneplanprosessen for på sikt treng Kviteseid barnehage nye lokale.

3.4.4. Andre investeringstiltak

Bårehuset ved Kviteseid kyrkje vart teke ut av budsjettet for 2010 under den politiske handsaminga. Med bakgrunn i innspel frå kyrkja der ein ynskjer å bidra med 0,5 mill kr av eigne midlar, er det ført opp eit tilskot til dette prosjektet i 2014. Tilskotet er set til 2,45 mill kr ut frå ei revidert kalkyle på 2,95 mill kr.

Eigenkapitaltilskot til KLP er sett opp med kr 0,35 mill kr kvart år i perioden.

Det er også lagt opp til formidling av startlån frå Husbanken til personar med særskilt behov med kr 1,0 mill pr. år.

3.5. Driftsbudsjettet

Økonomiplanen frå i fjor har vore ein viktig premis for budsjettet for 2011 og den nye økonomiplanen. Økonomiplanen frå i fjor inneheld både konkrete vedtak på einskildtiltak, og overordna økonomiske målsetjingar for budsjettarbeidet (jfr kap 2.5). Samla sett la økonomiplanen frå i fjor opp til ein vesentleg auke i driftsnivå i 2011 gjennom at me får heilårseffekt av både skjerma avdeling på KOS og av den nye fleirbrukshallen. Brutto driftsutgifter har auka frå 161 mill kr i budsjettet for 2010 til 173 mill kr i budsjettframlegget for 2011.

Budsjettet for 2010 hadde ei netto ramme på kr 97 mill kr. Revidert budsjett kravde styrkingar på fleire område. Mellom anna gjeld dette økonomisk sosialhjelp og mellombels drift av nytt dagsenter og starumutgifter. Det budsjettet som nå blir lagt fram har ei netto ramme på 124,3 mill kr. Desse tala er likevel vanskeleg å samanlikne sidan vi hadde svært høge inntekter frå MVA-komp i 2010 (9,2 mill kr) samstundes som barnehagetilskotet, kvalifiseringsprogrammet og kostnader til crisesenter er lagt inn i ramma. Ei anna stor utgiftsending er lønsauka som følgje av eit kostbart lønsoppgjør og heilårsverknad av skjerma eining og Kviteseidhallen. Lønsutgiftene aukar totalt sett med 9 mill kr frå 2010 til 2011.

Under budsjettarbeidet har det kome fram ei rad ynskje om nye tiltak. Samla sett utgjorde desse 8 mill. kr. Mange av desse er anten lovpålagte tiltak eller styrkingar som er naudsynte for å oppretthalde noverande driftsnivå. I tillegg til dette har vi ny kunnskap om inntektsutvikling og framtidige utgifter.

Utover dette kom det både frå teknisk og frå einingane, omfattande ynskje om midlar til bygningsmessige tiltak. Dette er utgifter som har sin plass i budsjettet for teknisk. Det har ikkje vore rom for å innfri så mange av desse. Dei må finne rom innafor ramma til teknisk. Denne er likevel noko utvida ved at det er sett av øyremerkta midlar til to prosjekt på til saman 0,29 mill kr (Lundenjordet og Brunkeberg skule).

Kommunestyret gav i fjor avkall på målet om overføring av 4 % av alle inntekter til finansiering av investeringane. På denne bakgrunn, og fordi mange av dei nye behova er knytt til lovpålagte oppgåver, er overføringane til investeringsbudsjettet redusert dramatisk til i 2011. Det er neste år budsjettert med ei overføring på 0,6 mill kr aukande til om lag 4 mill kr mot slutten av perioden. Dette er mogleg m.a. fordi ein del av styrkingane i 2010 og 2011 ikkje er av permanent karakter.

Med tanke på dei mange utfordringane me har på investeringssida så er dette lite heldig. Dette, saman med reduserte overføringar frå staten som følgje av folketalsnedgang, styrkar trongen for me i løpet av planperioden må sjå på større strukturendringar i den kommunale tenesteproduksjonen.

Driftsbudsjett for 2011 har ein sterk sosial profil. Opning av nytt dagsenter gjev eit nytt og meir målretta tilbod til våre **funksjonshemma** innbyggjarar i tråd med statlege krav.. Gjennom prosjektet "Hjelp til sjølvshjelp" styrkar me **NAV** sin evne til å gje mottakarar av sosialhjelp ei tettare oppfølging.

I skulen styrkar me tilbodet til dei borna som treng ekstra oppfølging. Det blir og lagt opp til auka bemanning i **barnevernet** for å møte ei aukande mengde med meldingar om barn som ikkje får den omsorga dei treng.

Av andre styrkingar kan nemnast:

- Auka bemanning innan tenesta for funksjonshemma for å styrke arbeidet med utarbeiding av individuelle planar for brukarane.
- Fleire lærarårsverk i skulen
- Innføring av FEIDE –nytt IKT-system for grunnskulen
- Arbeidsmiljøtiltak ved KOS - redusert omfang av kortvakter i den faste turnusen
- Arbeidsmiljøtiltak på kjøkkenet - styrka bemanning med 0,2 årsverk
- Auka bygningsvedlikehald: kr 0,15 mill kr til tetting av tak på Brunkeberg skule og kr 0,14 mill. kr til renovering av 3 bygningar på Lundenjordet.

4. Sektorvise handlingsprogram og budsjettkommentarar

4.1. Politisk verksemd

Det er kommuneval neste år. Det er derfor lagt inn midlar til gjennomføring av valet neste haust. Med bakgrunn i at det no nærmar seg slutten av valperioden for det noverande kommunestyret vil det vera naturleg å gjera ei evaluering av den politiske organiseringa av kommunen før nye politikarar kjem på plass. Det er og lagt inn midlar til ei eventuell endra godtgjersle til politikarane. Dette er fyrst og fremst gjort som eit innspel til den politiske vurderinga utan at det er gjort særleg tungtvegande vurdering av kor stor ei slik endring skal vera.

4.2. Sektorovergripande tenester

4.2.1. Rådmann, fellestenester

Status og utfordringar

I tillegg til overordna leiding utgjer dette området økonomi, skatteinnkrevjing, personalarbeid, HMS, IKT, arkiv, sivilt beredskap og politisk sekretariat. Dette er eit viktig område der me har få personar på kvart spesialfelt, men felles for desse er at dei er viktige for store delar av kommuneorganisasjonen. Det gjer oss sårbare for sjukdom eller anna fråver. Det er framleis viktig å halde fokus på å spreie kompetansen slik at me så ikkje blir så sårbare ved denne type hendingar. På denne bakgrunn er det og viktig å vidareutvikle god rutinar for samhandling mellom fellestenestene og einingane.

Opplegget rundt heimesida vår vart lagt om i 2010. Framleis gjenstår ein del av dette arbeidet og det må ha prioritet i 2011. Dette gjeld også etablering av eit intranett for formidling av informasjon og regelverk til eigne tilsette.

Med så omfattande interkommunalt samarbeid som me har, er det ei utfordring at kommunane i regionen har vald å organisere IKT- drifta på ulik måte. Me har ei svært samansett organisering ved at me primært driv eige system sjølv, samstundes som me leiger tenester av Tokke og Vinje. Størst utfordring ligg likevel i at me gjennom barnevernssamarbeidet og samarbeidet med Nissedal også har system som ligg hjå den private IKT- leverandøren som dei nyttar. Samspelet mellom oss og Nissedal på dette området er i dag lite effektivt.

Elles er ein del av dei viktigaste tiltaka som blir styrt frå dette området lyfta opp som fellestiltak i det overordna handlingsprogrammet.

Nye budsjetttiltak

Plankontoret er flytta frå teknisk til rådmannen. Årsaka til dette er at mykje av styringsdialogen mellom kontoret og kommunen går direkte gjennom rådmannen. Det er og eit ledd i å gjera budsjettet for teknisk meir oversiktleg, på same måten som etablering av VAR som eige ansvar under teknisk.

Utover tekniske justeringar er det viktigaste nye tiltaket at det er lagt inn midlar til kjøp av nytt dataprogram (Arena) til bruk under budsjettarbeidet. Føremålet er auke effektivitet og redusert sårbarheit knytt til arbeidet med budsjett. Utover i perioden er det lagt inn midlar til deltaking i IKA- Kongsberg sin nye arkivsentral med 0,13 mill. kr. Kostnaden her er enno ukjent så det som er oppført er eit anslag.

Handlingsplan 2011:

I det heile treng me å bli betre på informasjonsarbeid både til tilsette og brukarar. Arbeidet med å utarbeide eigarskapsmeldingar er viktig både for eigne selskap og for dei me eig saman med andre organisasjonar/kommunar.

Me står framom ein revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarmutbygginga. Arbeidet med førebuing av denne saka bør starte i 2011.


- Vidareutvikle web-sidene våre i samarbeid med dei andre kommunane i regionen
- Spreie kompetanse på fleire personar med sikte på å gjera avdelinga meir robust. Det gjeld både økonomi- og arkivarbeid.
- Vidareutvikle opplegget for økonomirapportering frå einingane.
- Vidareutvikle eit opplegg for internkontroll, primært innan økonomi.
- Utarbeidde eigarskapsmeldingar for våre selskap.
- Førebu revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarm kraftverk.
- Starte arbeidet med å utvikle ein langsiktig strategi for IKT-drifta vår.

4.3. Sektor for skule og barnehage

Status og utfordringar

Barnetalsutvikling.

Den negative folketalsutviklinga i kommunen er tidlegare omtalt i handlingsprogrammet. Sektor for skule og barnehage vil særleg merke nedgangen framover. Helsestasjonen kan opplyse om at barnekulla fødde 2005 til 2010 ligg stabilt mellom 18 og 22 pr. år. Dette vil gje konsekvensar for tilbodet, i fyrste omgang i barnehagen, og på sikt for grunnskulen.



Figur 1: Elevtalsutviklinga frå 2010 – 2015.

Elevtalet er på topp i inneverande skuleår (til saman 292 elevar), med ein reduksjon årleg til skuleåret 2014/2015. I ein periode er det etter kvart store kull på ungdomstrinnet, slik at det vert 2 parallelle klasser på kvart trinn i løpet av dei to neste åra. Elevtalet på Brunkeberg ligg relativt stabilt, med ein gjennomsnittleg nedgang på om lag 5 %, medan Straumsnes prosentvis har ein reduksjon på 25 %. For Kviteseid skule er tilsvarande nedgang på 13 %. Det er viktig å følgje utviklinga av barnetalet, både i høve barnehagetilbodet og organisering av skuledrifta.

Opningstider i barnehagen.

Barnehagane har slike daglege opningstider pr. d.d.: Brunkeberg og Straumsnes 9 timar og Kviteseid barnehage 9,5 timar. Alle barnehagane er stengde 3 veker i juli, i romjola og påskeveka. På foreldre sitt initiativ vart det i 2010 gjennomført undersøkingar ved barnehagane i Kviteseid og i Brunkeberg. Fleirtalet av foreldre i båe barnehagane ønskjer eit tilbod heile sommaren, halvparten av foreldre i Kviteseid barnehage ønskjer ope barnehage i romjola og i påskeveka. Opningstida har vore slik dei siste åra, og det er forståing for at behov i foreldregruppa er i endring. Det er likevel vesentleg å ha eit realistisk syn på melde behov. Det er i andre kommunar døme på at det har kome innspel på behov for ytterlegare utviding av den daglege opningstida, men når det har vore sett i verk, har det synt seg å vere særskilt få barn som har nytta tilbodet.

Kvalitetsarbeid i barnehage og skule

Tilsyn i barnehagane

Kviteseid kommune er både barnehageeigar og barnehagemynde. Som mynde, er kommunen forplikta til å føre tilsyn med eigne barnehagar. Det vart gjennomført tilsyn med barnehagane i kommunen i 2010, som synest å tilfredsstille lovkrav til tilsyn. Tema var pedagogisk innhald (bhg.lov § 2) og barns medverknad (bhg.lov §3) Det vart ikkje avdekt avvik i høve lov, og få merknader til den pedagogiske drifta. Utfordringa er å sjå til at tilsynet vert følgd opp tilstrekkeleg i kommuneadministrasjonen.

Tilsyn i grunnskulen

Det vert gjennomført nasjonalt tilsyn på Opplæringslov kap 9A, eit kapittel som går under namnet elevane sitt skulemiljø. Kviteseid kommune har ikkje hatt tilsyn førebels, og det er

ikkje kjend kva for kommunar i Telemark som vil få tilsyn i 2011. Grunnskulen i Kviteseid har sosiale handlingsplanar, som m.a. fangar opp og har system i høve problematikken rundt mobbing. Dette er eit viktig arbeid, samstundes som det er fleire utfordringar knytt til skulemiljøet, som det vert forventa at kommunane har system for å fange opp. Dette bør vere på plass når kommunen får tilsyn, anten i 2011 eller 2012.

Tilstandsrapport

Fyrste kommunale tilstandsrapport for grunnskulen vert utforma i 2010, eit arbeide som ga eit godt innblikk i tilstanden på ei rekkje område. Det var særleg innan 3 område som grunnskulen i Kviteseid har sine utfordringar. Desse vart gjort synlege i den politiske handsaminga, og kommunestyret ga sektoren utfordringar innan 3 område: a) Vurdering for læring og læringstrykk, b) å etterleve og følgje opp system for vurdering og oppfølging, oppl.lov § 13-10 og c) auke og vidareutvikle kompetansen i lærarane i engelsk, og høgde talet på, elevar på høgaste meistringnivå. Desse utfordringane vert følgde opp i 2011. Samstundes er det viktig å sjå kritisk på innhaldet i tilstandsrapporten 2010, for evt. å dra fram fleire eller evt. andre indikatorar.

Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Tala på elevsaker som er melde til PP-tenesta syner ei alarmerande utvikling i høve lese- og skrivevanskar. Nasjonale undersøkingar syner at tidleg innsats er viktig for å fange opp denne problematikken så tidleg som råd. Kommunen har utarbeidd ein språkplan, som m.a. konkluderer med at foreldre til alle 4- og 5-åringane i barnehagane får tilbod om kartlegging av barna si språkutvikling. Slik kartlegging kan gje viktig informasjon om evt. vanskar barn står i fare for å utvikle. Eit viktig arbeid er oppfølging i etterkant, både med drøfting med foreldre og personale i barnehagane. Tiltak blir sett i verk på bakgrunn av kva kartlegginga avdekkjer.

Læringsutbyte

Tala frå dei nasjonale prøvene haust 2010 i lesing er no kome. Resultata syner ei uønska utvikling for 5. klasse, med lågare score enn gjennomsnittet i Telemark. Ut frå desse resultata må ein ha fokus både på barn i førskulealder, men også på elevane i skulen når det gjeld lese- og skriveferdighetar. To av lærarane tar no høgskoleutdanning i "Lesing 2", med delvis statleg finansiering. Med denne utdanninga får kommunen verdfull kompetanse når det gjeld arbeid med språk for dei eldre elevane. Det hadde vore ønskjeleg å kunne halde fram med å gje fleire lærarar tilsvarande tilbod innan "Lesing 1".

Nye budsjetttiltak.

Frå 2011 er det ikkje lengre øymerkt statstilskot til barnehagane. Desse tilskota er no lagt inn i rammeoverføringane til kommunen, og kjem ikkje som ein inntektspost på kvart einskild ansvarsområde innan barnehage.

På bakgrunn av foreldreundersøkinga i barnehagane, vert det gjort framlegg om å halde Kviteseid barnehage ope i ei av dei feriestengde vekene i juli frå 2012. Stipulert ekstrakostnad er kr. 40.000 pr år. Ei utviding av dagleg opningstid i barnehagane på Straumsnes og i Brunkeberg er også lagt inn frå 2012.

Felles Elektronisk IDEntitet (FEIDE). Elevane i grunnskulen får etter kvart mange elektroniske system dei skal logge seg inn på, med eige brukarnamn og passord. Det vert arbeidt med eit felles system for innlogging, som kommunane er pålagde å ta i bruk innan

2011. Endeleg kostnad er førebels usikker, og Kviteseid kommune samarbeider med Tokke kommune, for å få ei mest mogleg effektiv løysing. Føreslegne summer til innføring av Feide, er kr. 200.000 til investering og kr. 15.000 til drift i 2011, og årlege driftsmidlar frå 2012 på kr. 30.000.

Krodokk skule og dagsenter. Organisering av Krodokk er nærare greidd ut under sektor for helse og omsorg. Dagsentertilbodet er no plassert under ansvar for funksjonshemma, medan tilbod etter opplæringslov § 4A-2 er skild ut, og plassert under ansvar 14. Dette tyder ein netto reduksjon i budsjettet på kr. 464.000.

Kviteseid skule får auka rammetimar på grunn av auka behov for timar til spesialundervring. Det er vidare lagt inn kompensasjon for vidareutdanning for ein lærar for våren 2011.

Straumsnes skule får også kompensasjon for vidareutdanning for ein lærar vår 2011. Timetalet er vidare redusert som følgje av færre elevar. Det same gjeld skulen i Brunkeberg.

Handlingsplan for 2011

- Aktiv oppfølging av barne- og elevtalsutviklinga i barnehage og skule
- Kartlegging og oppfølging av 4- og 5-åringar etter KoPS-metoden, for førebygging av evt. lese- og skrivevanskar.
- Arbeid med sakshandsamingsrutinar for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp for barn i førskulealder
- Framleis fokus på arbeid med språk, lesing og skrivning i barnehage og skule. Oppstart av arbeid med ein felles matematikkplan
- Vidare arbeid med systematisering av tilsyn av barnehagane i kommunen
- Utarbeide Tilstandsrapport for 2011, med utgangspunkt i evaluering av tilstandsrapport for 2010, samt sentrale føringar for innhaldet i rapporten
- Gjennomføring og analyse av brukarundersøkingar
- Skolering av pedagogisk personale i skulen i undervegsvurdering våren 2011
- Innan System for vurdering og oppfølging, er opplæringslov kap 9A, Elevar sitt skulemiljø, prioritert haust 2011
- Vidare arbeid rundt evaluering og ny organisering av Krodokk skule og dagsenter.
- Igangsetting av arbeidet rundt Felles Elektronisk IDEntitet for alle elevar i grunnskulen i Kviteseid
- Vidare arbeid med etablering av kulturskulen i Kviteseidhallen, i samarbeid med ungdomstrinnet på Kviteseid skule

Tiltak utanfor ramma.

Kulturskulen er no plassert i Kviteseidhallen. Dei har fått nye og tenlege lokale, og det er naturleg at det kjem ønskje om å fornye og få noko nytt musikkutstyr til skulen, ein total kostnad på 141.000. Samstundes er det også varsla behov for utviding av personalressursen med til saman 2 x 50 % stilling for å gje tilbod om andre kulturuttrykk (dans, kunst & handverk, teater og musikk i barnehagen). Dette er det ikkje funne rom for i budsjettet.

4.4. Sektor for helse og omsorg

Status og utfordringar

Det er mange utfordringar i ein sektor med så mange ulike tilbod og brukargrupper. Me ser at sjukehusa i større grad enn før sender pasientar tidlegare heim. Etterspurnaden etter tenester i PLO er stabilt høg, og har auka i seinare år. Samhandlingsreforma legg opp til å forsterke dette ytterlegare. I tillegg ser me at me får stadig fleire krevjande pasientar som treng meir ressursar frå PLO. Me jobbar kontinuerleg for å møte desse utfordringane, der det blir m.a. viktig å jobbe for betre samhandling mellom 1- og 2 linetenesta og betre samhandling internt i sektoren. Me vil i 2011 utarbeide tiltak for samhandling internt i sektoren. Viktig i denne samanheng er samarbeidet mellom sjukeheim og heimesjukepleie.

Det er starta opp eit systematisk internkontroll- og kvalitetsarbeid i tenestene i sektoren. Det vil i løpet av 2011 bli jobba med å ferdigstille systemet, og take det i bruk ute på einingane. Internkontroll- og kvalitetsarbeidet er veldig omfattande, og det er noko me må jobbe med kontinuerleg.

I tillegg til internkontroll- og kvalitetsarbeidet er det trong for å jobbe vidare med kriterium for tildeling av tenester i sektoren. Dette tyder m.a. kriterium, for tildeling av heimesjukepleie, heimehjelp og tildeling av omsorgsbustad. Det er trong for å vurdere nivået på dei tenestene som vert gjevne i PLO. Det er og trong for å sjå på tiltaksarbeidet i PLO. Dette tyder m.a. arbeidet med å fatte vedtak om tenester og måten dette blir gjort på. Truleg vil det bli ei ny organisering av dette, der målet er å heve kvaliteten på arbeidet.

Det er trong for å jobbe vidare med dei dataprogram m.a. PROFIL og GAT som er innført i PLO. I 2011 vil og det bli jobba vidare med å utvikle legetenestene i retning av ein betre kvalitet.

Samhandlingsreforma:

Kviteseid kommune deltek i det interkommunale arbeidet i Vest-Telemark for å førebu samhandlingsreforma. Rådmannen sit i styringsgruppa og sektorleiar for helse og omsorg i den interkommunale arbeidsgruppa. I tillegg er det oppretta ei lokal arbeidsgruppe i Kviteseid kommune med administrasjon og tillitsvalde. Arbeidet med samhandlingsreforma vil krevje mykje tid og ressursar i 2011.

Dagsenter på Krodokk:

I handlingsprogrammet og budsjett for 2010 stod m.a. fylgjande:
“Det er no i 2009 sett i gang eit arbeid med å omorganisere Krodokk skule. Ein grunn til dette er at det er ein større trong for dagsentertenester for bebuarane på Lundenjordet. Planen er at ein i løpet av 2010 har funne ei organisering med eit dagsenter med tilbod om vaksenopplæring. Bakgrunnen for dette var at brukarane frå Lundenjordet etter Lov om sosiale tenester §§ 3-1 og 4-2 har ”krav på eit aktivt og meiningsfylt tilvere i fellesskap med andre”. Etter opplæringslova § 4A-2 har dei rett på opplæring “for å kunne utvikle eller halde vedlike grunnleggjande dugleik...” Dette tyder at bebuarane på Lundenjordet har krav på eit tilrettelagd tilbod på dagtid.

Tidlegare *Krodokk skule* hadde ei opningstid som fylgde skuleåret, dvs 38 veker. Det var tilsett 1,35 pedagogårsverk og 1,58 assistentårsverk på Krodokk skule og dagsenter. Det var til saman 10 brukarar av tilbodet på Krodokk skule.

I tillegg til dette hadde me eit dagsentertilbod som var organisert under Eining for funksjonshemma med 0,4 assistentårsverk. Seljord kommune og Tokke kommune kjøpte

tenester for 4 brukarar ved Krodokk skule. Netto kostnad var i budsjettet for 2010 sett til 1,045 mill kr.

Ei administrativ arbeidsgruppe la våren 2010 fram ein modell for drift av dagsenter og vaksenopplæring for bebuarane på Lundenjordet. Modellen gjev eit tilbod om vaksenopplæring som er organisert slik at det er ope 48 veker i året. Tidlegare 30% rektorstilling ved Krodokk skule er gjort om til ei 100% leiarstilling med kompetansekrav som vernepleiar og fagarbeidar/assistentressursen er auka med 60% for å få til eit betre aktiviseringsstilbod. Dagsenterdrifta er organisert under eining for funksjonshemma og ansvaret for vaksenopplæring er organisert under sektorleiing for barnehage og skule. Totalt er det 12 brukarar (inkl. 2 nye frå Lundenjordet) som nyttar tilbodet.

Med bakgrunn i sviktande finansiering vart denne modellen vurdert som for kostbar, og dermed vart det ikkje gjort noko endeleg vedtak om permanent oppstart. Det vart gitt signal om at ein kunne etablere ei mellombels løysing som ei overgangsordning medan ein såg på alternative modellar for drift og finansiering. Netto årleg kostnaden for denne modellen vart i budsjettrevisjonen for 2. tertial sett til kr 1,462 mill kr.

Når det no likevel blir gjort framlegg om permanent realisering er det fordi ein ser føre seg ein ny og betre finansieringsmodell. Modellen byggjer på ei omdisponering av inntektene frå Seljord- og Tokke kommunar, frå skuledelen til dagsenterdelen. I tillegg er det i samband med utviding av opningstida og kvalitetshevinga av tilbodet, lagt på prisen til Seljord kommune og Tokke kommunar slik at dei er i større grad er med å dekke dei reelle kostnadene ved drifta i Kviteseid. Auka inntekt frå dette er minimum 0,3 mill kr. Dette tyder at den reelle netto kostnaden for etablering av eit nytt dagsenter er kr 0,3 mill samanlikna med det opphavlege Krodokk skule. Sidan dette budsjettframlegget byggjer på revidert budsjett som utgangspunkt, er kostnadsendringa som kjem fram i tabellverket 0,3 mill kr. Oppsettet nedanfor viser ei samanlikning av desse kostnadane.

Rådmannen legg til grunn at det må ligge føre ei avtale med dei andre kommunane før senteret blir etablert permanent med faste stillingar.

	Opphavleg budsjett 2010	Revidert budsjett 2010	Rådmannens framlegg 2011	Endring frå opphavleg budsjett 2010	Endring frå revidert budsjett 2010
Krodokk skule					
Utgifter	1 719 877	1 465 992	801 056	-918 821	-664 936
Inntekter	-699 140	-549 140	-348 441	350 699	200 699
Netto ramme	1 020 737	916 852	452 615	-568 122	-464 237
Krodokk dagsenter funksjonsh.					
Utgifter	179 196	861 362	1 729 362	1 550 166	868 000
Inntekter	-155 000	-316 600	-840 600	-685 600	-524 000
Netto ramme	24 196	544 762	888 762	864 566	344 000
Sum ramme	1 044 933	1 461 614	1 341 377	296 444	-120 237

Tabell 3: Samanlikning av kostnader for etablering av nytt dagsenter for funksjonshemma

Nye budsjetttiltak:

Sektorleiing:

I samband med kvalitetsarbeidet som er sett i gang i sektoren ynskjer ein å kjøpe eit elektronisk kvalitetssystem for å systematisere arbeidet. Dette kostar om lag kr. 30 000 i innkjøp, og kr. 12 000 i årleg drift.

Kviteseid kommune er vertskommune for 75% interkommunal psykologstilling. Denne er organisert under sektorleiing, og vert finansiert ved å bruke psykiatrifondet. Her er det gjort ein del tekniske korrigeringar som ikkje har nettoverknad utover at fondet tek slutt mot slutten av prosjektperioden.

Helse:

På eining for helse er det naudsynt å kjøpe inn ein del utstyr som t.d. lytteapparat til jordmor og behandlingsbenk til fysioterapien. Det er ynskje om å styrke kursbudsjettet på helse og styrke budsjettet for spesialisering av legane. Det ligg og ei justering av utgifter til Seljord legevakt og naudmeldetenestene.

KOS:

Administrasjonen har saman med tillitsvalde gått gjennom turnusen på KOS for m.a. å rekne på kortvaktene. Resultatet var at det var trong for totalt om lag 70% stilling for å forlenge vaktene på 5,5 timar og 6,5 timar. I fyrste omgang er det framlegg om å forlenge vaktene som er på 5,5 timar. Dette tilsvarar 8% stilling som utgjer kr. 35 000 per år.

Heimetenestene:

I samband med at bemanninga i heimesjukepleia har blitt auka, er det trong for ein leasingbil til. Denne er lagt inn med ein kostnad på om lag kr. 90 000 per år. I tillegg er kr. 100 000 overført frå NAV til heimetenestene i samband med handsaming av omsorgsløn.

Kjøkenet:

Når Kviteseid kommune var ein ROBEK-kommune vart det spara inn ei 20% stilling på kjøkenet. Erfaringane i ettertid viser at arbeidspresset er for stort på kjøkenet, og at det difor er ynskje om å styrkje bemanninga med 20% med ein kostnad på om lag kr. 80 000 per år. Det er framlegg om auke prisane på utkøyrde middagar og sal av mat til andre med til saman om lag 86 000.

Eining for funksjonshemma:

På Lundenjordet vert alle stillingane nytta i miljøarbeidet og i naudsynt stell og pleie. Dette er bunde opp i vedtak og behov hjå bebuarane. Det er stor trong for å kunne ha ein noko større ressurs for å kunne jobbe fagleg/administrativt med lovpålagde oppgåver som t.d. arbeid med individuelle planar. Det er gjort framlegg om å styrkje fagarbeidarressursen med 10%, for å kunne frigjera noko tid på vernepleiarane til adm./fagleg arbeid. Dette vil ha ein kostnad på om lag kr. 44 000 per år.

Det er i tillegg trong for å auke med 20% fagarbeidarstilling på helg. Dette er grunna brukarar som i større grad vel å vera på Lundenjordet i helgene og ikkje reise heim til pårørande. Dette har ein kostnad på om lag kr. 105 000 per år. Det er og gjort framlegg om å auke budsjettet og reisebudsjettet for støttekontaktar med kr. 10 000.

Handlingsprogram for 2011:

- Ferdigstille oppbygginga av internkontroll – og kvalitetssystemet.
- Ferdigstille kriterium for tildeling av tenester.
- Forbetre tiltaksarbeidet i PLO.
- Utarbeide tiltak for samhandling i sektoren.
- Heve kompetansen på bruk av IT-verktøya Profil og Gat.
- Ferdigstille dagsenter og vaksenopplæring.
- Betre organiseringa av legetilsynet på KOS.
- Følgje opp måla i kompetanseløftet 2015, der ein ved hjelp av statlege løyvingar arbeider for å auke kompetansen til dei tilsette i PLO.
- Delta i regionsamarbeidet for å førebu samhandlingsreforma.
- Kartleggje og utarbeide ein plan for bruken av kompetansen og ressursane i sektoren.
- Utarbeide ein rekrutteringsplan for sektoren.
- Utarbeide eit nytt system for å rekruttere vikarar i PLO.
- Ta inn 1 lærling kvart år.
- Opplæringsplanar for einingane.

Tiltak utanom ramma

På helse var det ynskje om ei større styrking av kursbudsjettet. På KOS var det ynskje om ei 100% stilling som sjukepleiar og fleire nye sjukehussenger samt endå meir stillingsressurs for å redusere kortvaktene. I heimetenestene var det ynskje om ei 50% stilling som heimehjelp, auking av stillinga som vaktmeister og auking av stillinga som hjelpemiddelkoordinator. På eining for funksjonshemma er det eit ynskje om å auke med totalt 50% fagarbeidar, for å kunne frigjera vernepleiarane til meir fagleg/administrativt arbeid.

4.5. Sektor service og utvikling

4.5.1. Kultur og næring

Status og utfordringar

Som tidlegare nemnt er den negative folketalsutviklinga ei stor utfordring for kommunen. Eit robust næringsliv og eit variert kulturtilbod er viktig for å gjera kommunen attraktiv. Det arbeidet som blir gjort på dette området er derfor eit viktig bidrag til å oppretthalde ein livskraftig kommune.

Kultur

Kviteseid kommune har små stillingsressursar på dette området. Ambisjonsnivået må derfor leggjast på eit relativt moderat nivå. Forvaltingsoppgåver knytt til spelemidlar, kulturmidlar og næringsfond bind mykje ressursar på dette området. Auka ambisjonsnivå på dette i framtida vil krevje at ein set av ressurs til å løne ein person i ei særskilt kulturstilling. På **kultursektoren** vil strategien framleis vera å gjeva moderate økonomiske bidrag som støtte til lag og organisasjonar, men utan tungt engasjement frå administrasjonen. Kviteseidhallen vil vera eit stort lyft for idretten, lag og organisasjonar som ynskjer å ta hallen i bruk.

Drift av biblioteket er ein viktig, men og lovpålagt oppgåve. Det ei utfordring å møte etterspurnaden som er aukande etter nye media, bøker gjennom fjernlån og andre ressursar

med eksisterande bygningsmasse og bemanning. Det er lagt inn ei stillingsauke på biblioteket med 20% frå 2012.

2011 blir eit omfattande jubileumsår for Kviteseid kommune. Kommunen blir involvert i tre jubileum. Jens Zetlitz sitt 250 års jubileum skal feirast. Her er det oppnemnt ein komité som skal arbeide med jubileet. Ei sak med budsjett og finansiering vil bli lagt fram til politisk handsaming i løpet av våren 2011. Neste år er det og 150 års jubileum for Telemarkskanalen. Dette vil og krevje eit engasjement frå kommunen og andre lokale aktørar. I 2011 er det og 100 års jubileum for Sørpolekspedisjonen der Olav Bjaaland frå Morgedal deltok. Her ynskjer Norske Skieventyr samarbeid med kommunen for lage ei markering av denne hendinga.

Næring

Ei generell utfordring er å stimulere og legge til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemder i kommunen. Reiselivsnæringa har møtt store utfordringar etter finanskrisa. Konkurransen er stor og det er ei utfordring å nå ut i marknaden med dei lokale tilboda. Dette krev ei betre samordning og organisering.

Det er nedsett ei arbeidsgruppe i Vrådal som arbeider med etablering av destinasjonsselskapet "Visit Vrådal". Det er forventningar om at kommunen stør selskapet økonomisk. Det vil bli lagt fram eiga politisk sak om dette på nyåret.

Telemarkskanalen som regionalpark er eit viktig samarbeidsprosjekt både med tanke på reiselivsutvikling men og som mobiliseringsprosjekt for lokalsamfunnet med sikte på å gjera både turistar og eigne innbyggjarar medvitne om dei kvalitetar kommunen har langs dette vassdraget. Med bakgrunn i dei utfordringar som er skissert over blir arbeid med profilering av kommunen viktig.

Nye budsjettiltak

Telemarkskanalen som regionalpark vil bli etablert i 2011. Kviteseid kommune har vedtatt å løyve 200.000,- kr pr år under føresetnad av at dei andre kommunane gjer det same. Kommunen skal og bidra med 0,25 årsverk lokalt. Det blir viktig å samorden denne ressursen med andre aktivitetar retta mot reiselivet som kommunen stør opp under.

Kommunens informasjonstavler er nedslitne og bør derfor skiftast ut med nye.

Moglege kostnader knytt til næringsfondet utover i perioden

Det er ikkje foreslått tilskot til Skien Dalen Skipsselskap, men ein må forvente at det kan koma ein søknad frå selskapet om produksjonstilskot til M/S Victoria. Denne vil bli lagt fram til politisk behandling som eiga sak.

Vest-Telemark kommunane har i 2010 arbeidd med rullering av felles Strategisk næringsplan for regionen for 2011-2013. Målet er å auke attraksjonskrafta til Vest-Telemark kommunane ved å gå saman om målsettingar, strategiar og tiltak. Tiltak med behov for medfinansiering frå Kviteseid kommune, vil bli lagt fram til politisk behandling som einskild saker for det enkelte prosjekt.

I løpet av fyrste halvdel av 2011 vil det bli fremma ein ny modell for organisering av det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark. Det femnar både regionrådet og arbeidet som i dag ligg hjå Vest-Telemark næringsutvikling. Med bakgrunn i dei nye vedtektene for

Telemarksfondet der fondet skal finansiere 50 % av kostnadene knytt til regionsamarbeidet, er det ei forventning om at kommunen skal finansiere den resterande delen med friske midlar. Det kan medføre ei årleg utgift frå næringsfondet 0,2 – 0,4 mill kr avhengig av kva for modell for kostnadsdeling som blir vald.

Tabellen på side 40 i vedlegget syner kommunens prioriterte område på næringsutvikling gjennom løyvingar frå næringsfondet..

Handlingsplan 2011:

Viktige tiltak i året som kjem:

- Etablere Telemarkskanalen som regionalpark saman med fylkeskommunen og dei andre kanalkommunane.
- Samarbeide med dei andre Vest-Telemark kommunane om organisering og gjennomføring av tiltak i felles strategisk næringsplan.
- Samarbeide med næringslivet i Vrådal om etablering av destinasjonsselskapet ”*Visit Vrådal*”.
- Bidra aktivt i arbeidet med ny samfunnsdel i kommuneplanen.
- Samarbeide med aktuelle aktørar i tilknytning til dei tre ovannemnte jubilea.
- Følgje opp arbeidet knytt til søknader om spelemidlar.

Tiltak utanfor ramma

Det er ikkje funne rom til støtte til ny ljosløype i Vrådal med kr. 200.000,-.

4.5.2. Teknisk drift

Status og utfordringar

Teknisk drift femner over mange ulike område. I tillegg til drift av infrastruktur som bygg, vegar og vatn og avløpsnett, har eininga framleis ansvar for brannberedskapen i kommunen. Eininga leverar viktig tenester og infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og til egne driftseiningar. Hovudutfordringa for sektoren er eit stadig aukande behov for ressursar til vedlikehald av denne infrastrukturen. Særeleg gjeld dette bygg og vegar der ein gjennom mange år har hatt for knappe ressursar slik at ein no slit med eit stort og aukande etterslep når det gjeld vedlikehald. Dette krev svært strenge prioriteringar når det gjeld bruk av midlar og det er derfor vanskeleg å tilfredstille brukarane sine forventningar i alle samanhengar.

Kviteseidhallen kjem i fulldrift i 2011 og det blir ei spennande utfordring å få etablert ei god drift av hallen både i høve til interne og eksterne brukarar.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt. Det er avdekt at alle kommunane i Vest-Telemark, også i Kviteseid, har manglande kompetanse og dokumentasjon.

Kviteseid kommune produserer vatn og avløpsstenester av høg kvalitet. Lengre leidningsnett, fleire pumpestasjonar og vassverk, og reinseanlegg som ligg geografisk spreidd, set krav til auka bemanning. Oppfølging av vedteken saneringsplan for avløpsnettet i Vrådal blir og ei krevjande utfordring i åra framover.

Med bakgrunn i variasjonar i pris og forbruk (oppvarmingsbehov) er straumutgiftene ein krevjande post å budsjettere. I budsjett for 2011 er budsjettert med same nivå som i revidert

budsjett. Bruk av det elektroniske overvakingssystemet me har på fleire bygg, bidreg til god ENØK-innsats og er dessutan viktig for å halde kontroll på dette krevjande kostnadselementet

Nye budsjetttiltak

Med bakgrunn i det breie spekteret av tiltak som er lagt inn under teknisk drift har det vore krevjande å få oversikt over detaljane i dette budsjettet. På denne bakgrunn er den delen av dei avgiftsfinansierte tenestene no skild ut som eit eige resultatansvar (37). Det gjeld vatn, avløp, septik, renovasjon og feiing. Målet er at det både skal gje betre oversyn over denne delen av verksemd samstundes som ein tydlegare får synleggjort økonomien knytt til den ordinære drifta på teknisk. Reint formelt vert VAR då ei eiga eining, men teknisk drift vil framleis har resultatansvar for området..

Eit asfalteringsprogram der ein investerer kr. 1 mill per år på å asfaltere kommunale vegar, er delvis finansiert med kr 200.000,- mindre på driftsbudsjettet for sommarvedlikehald årleg.

Rådmannen sine framlegg til styrking av budsjettframlegg:

- Stilling som driftsoperatør blir auka med 40%
- Grunnkurs for brannmannskap – lovpålagt
- Taktekking på Brunkeberg skule pga lekkasje
- Renovere tre bueiningar på Lundenjordet

I 2012 er det sett opp kr 0,3 mill til nytt brannalarmanlegg på Brunkeberg og Straumsnes.

Handlingsplan 2011

- Gjennomføre tiltaka i investeringsprogrammet med høg kvalitet, til rett tid og innafør vedteken kostnadsrammene.
- Utarbeide vedlikehaldsplan for kommunale bygg
- Utarbeide eit asfalteringsprogram for kommunale vegar
- Utarbeide og eit opplegg for å marknadsføre ledige tomter på kommunen si heimeside
- Aktivt følgje opp ENØK arbeidet og klimaplan for Kviteseid kommune
- Vidareutvikle bruken av det nye IT - systemet for forvaltning av kommunale avgifter slik at ein kan krevje inn rette avgifter til rett tid
- Vidareføre opplæringsprogram for det frivilljuge brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.
- Følgje opp saneringsplanen for avløp i Vrådal
- Bidra til etablering av nye mobilmaster i Ordal og Dalane
- Innarbeide gode rutinar for drift av Kviteseidhallen.

Tiltak utanfor ramma

Både frå einingane og frå teknisk drift sjølv er det meldt behov for ei lang rekkje tiltak knytt til bygningsvedlikehald. Denne lista er ikkje spesifisert i budsjettdokumentet men det femnar om ei rad ulike tiltak knytt til oppgradering og vedlikehald av bygg. Samla sett utgjorde desse tiltak ein kostnad på fleire hundretusen. I tillegg var det ynskje om å bygge lagerhall på verkstadbygget i 2012.

Det er kome søknad frå det private vassverket i Kilen om tilskot på kr 0,15 mill til oppgradering av anlegget. Sidan dette ikkje kan finansierast frå avgiftene er det ikkje funne rom til dette innafør ordinær drift.

4.5.3. Landbruk

Status og utfordringar

Landbruk i heile Vest-Telemark står overfor store utfordringar med svak lønsemnd og sviktande rekruttering. Trongen for støtte til utvikling er stor. Med 2,8 årsverk til å drive landbruk- og naturforvaltning i både Kviteseid og Nissedal er det ei utfordring for landbrukskontoret vårt å frigjera nok tid til å drive utviklingsarbeid. Forvaltning av alle dei statlege støtteordningane og mange krevjande saker knytt til konsesjon, buplikt og jordlovssaker, bind opp mykje av kapasiteten på kontoret. Det er eit ønskje om å få auka ressursane på landbrukskontoret.

Utfordringane er å ha nok ressursar på landbrukskontoret til å utføre kontrollar, planar og sakshandsaming som vert kravd frå andre offentlege etatar. Av planar kan m.a. nemnast gardskart, beredskapsplan, klimaplan, vassdirektivet, INON (Inngrepsfrie naturområde i Noreg) – alt gjeld begge kommunane. Av kontrollar kan nemnast m.a. oppfølging av buplikt på landbrukseigedomar og på vanlege bustadhus (konsesjonsgrense 0).

Det er sterke signal frå Landbruks- og matdepartementet om at kommunane i sterkare grad må følgje forskrifta om eit berekraftig skogbruk. Det gjeld særleg oppfølging av at det blir planta etter hogst.

Hovudmåla for landbruket i Kviteseid er skissert i landbruksplanen for 2005-2008. Denne er ikkje revidert. Det blir for tida arbeidd med ein felles tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark etter mandat frå Vest-Telemarkrådet. Planen skal opp til handsaming i desember 2010.

Arbeidet med gardskart for Kviteseid skulle vore avslutta i 2010, men er noko forsinka grunna kapasitet på plankontoret. Arbeidet vil derfor halde fram både for Kviteseid og Nissedal.

Handlingsplan 2011

- Ferdigstille prosessen med gardskart for landbrukseigedomane i kommunen.
- Føre kontroll med at skogbruket blir drive i samsvar med føresegna om eit berekraftig skogbruk.
- Organisering av eit opplegg for målretta rettleiing som kan bidra til gjennomføring av skogkulturtiltak (faghjelp skogkultur).
- Planarbeidet knytt til EU sitt vassdirektivet fram i 2011. Dette er eit samarbeid med fleire einingar internt, fylkesmannen og fylkeskommunen.
- Det vil bli arbeidd for å få til eit tettare samarbeid med dei andre kommunane i regionen om organisering og gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen for landbruket i Vest-Telemark.
- Følgje opp bu- og driveplikt på landbrukseigedomar og buplikta på bustadhus
- Setje i verk ei vaktordning for ettersøk av fallvilt finansiert av viltfondet.
- Vidareføre naturtypekartlegginga som vart gjort i 2009/2010 i samarbeid med Fylkesmannen i Telemark og aktuelle grunneigarar.
- Arbeidet med digitalisering av viltkart for Kviteseid og Nissedal held fram.
- Følgje opp tiltak i klimaplanen der landbruket er involvert.

Tiltak utanfor ramma

Auka stillingsressurs på landbrukskontoret

4.6. Interkommunale einingar og NAV

4.6.1. Interkommunalt plankontor for Kviteseid og Nissedal

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2011 budsjettert med 5,25 årsverk. Nissedal kommune er vertskommune for kontoret, og Kviteseid kommune kjøper tenestene sine derifrå.

Dei siste to åra har vore prega av store lovendringar innan arealforvaltinga, der ny plan- og bygningslov og ny matrikkellov innebar dei største. Dette, saman med ei kontinuerleg utvikling av meir digitaliserte arbeidsmetodar, har gitt kontorets tilsette store utfordringar. Vidare innarbeiding av desse endringane vil også framover krevje ekstrainsats. Samstundes vil hovudutfordringane ligge i å halde planverktøy og kartfesta informasjon oppdaterte, og å sjå til at sakshandsamingstida ikkje går over lovfesta fristar.

Handlingsplan 2011:

- Utveksling av informasjon, ved regelmessige drøftingsmøte mellom politisk og administrativ leiing i kommunen og plankontoret.
- Medverke ved rulleringa av kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen med oppdatert informasjon om verksemda til plankontoret og om gjeldande regelverk.
- Slutføre Vest-Telemarkprosjektet ”Plan- og Byggesak 2010” der målet er mest mogeleg digital saksflyt i plan- oppmåling- og byggesaker.
- Halde ein høg kapasitet på oppmålingsområdet, primært gjennom eigen produksjon. Vidare nedbygging av restansen av mellombels kartforretningar.
- Skaffe og ajourføre digitale kart i nødvendig omfang. Utføre ny kartlegging av Kviteseid kommune som del av del av Statens Kartverk sitt samfinansieringsprosjekt - GEOVEKST.
- Vidareutvikle GIS-samarbeidet i Vest-Telemark, særleg for innkjøp av felles programvare, val av felleløysingar etc.
- Gjennomføre tilsyn i byggesaker.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

4.6.2. Barnevern

Status og utfordringar

Overgangen til Kviteseid kommune som vertskommune er no på plass. Organisasjonsmodellen fungerer godt. Ein kraftig auke i talet på meldingar har gjort situasjonen krevjande i løpet av 2010. Saman med mange tunge saker, fyrst og fremst i andre kommunar enn Kviteseid, gjort at det er vanskeleg å oppretthalde den gode kvaliteten på barnevernstenesta som kontoret har vore kjent for. Det gjeld særleg kapasiteten til å handtere meldingar så raskt som lovverket krev. Ein del sjukdom og anna fråver har ikkje gjort situasjonen enklare. Behovet for auke bemanning er derfor stort.

Nye budsjetttiltak

Diverse feilbudsjetteringar i samband med overføringa av barnevernet frå IKS til Kviteseid kommune medfører behov for ei ekstra løyving på kr 0,365 mill i 2011 og frametter. Det er og forventa endringar i inntektene på kr 0,271 mill kr. Trongen for midlar til lokale

barnevernstiltak i Kviteseid er forventa å bli redusert med kr 0,155 mill kr. Samla sett utgjer dette ein netto reduksjon i ramma på kr 0,06 mill kr.

Med bakgrunn i at staten har løyvd øyremarka midlar til stillingar i barnevernet så er det i samråd med dei andre kommunane lagt inn 0,520 mill kr til ei ny full stilling for å styrke kapasiteten ved eininga. Netto kostnad kr 88.000.

Handlingsplan 2011

Hovudmålet er framleis å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan føre til skade på helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Barnevernstenesta ynskjer å medvirke til at barn og unge sine interesser vert ivaretatt av andre offentlege organ. Tenesta skal og bidra med informasjon på møter med foreldre og tilsette i skular og barnehagar.

- Gjennomgang av alle meldingar innan ei veke etter mottak.
- Fokus på rett tiltak til rett tid på ein og oppfølging i etterkant.
- Det skal utarbeidast tiltaksplan/omsorgsplan i tilknytning til kvart tiltak
- Oppfølging av fosterheimar og foreldre.
- Avklaringsamtaler med dei som fyller 18
- Delta i prosjektet "Krafttak for kompetanse" saman med Vest-Telemark psykologteneste, PPT, Øvre Telemark familievernkontor, Vest-Telemark Barne-ungdoms- og familiesenter og kommunane.
- Framleis fokus på kompetanseutvikling og rettleiing.
- Vera aktive ut i regionen for å informere om tenesta

4.6.3. NAV

Status og utfordringar

NAV er framleis i ein reform som er krevjande for både tilsette og brukarar. Nye måtar å arbeide på og bruk av nye løysingar, gjeld både statlege og kommunale tenester og ytingar. Sjølv om endringsprosessen går framover er det likevel grunn til å tru at situasjonen til ein viss grad vil vera slik også i 2011. NAV Kviteseid har streva med stort sjukefråvær både blant kommunalt og statleg tilsette. Samla sett gjer det situasjonen krevjande, men det blir arbeid målretta for få ein betre situasjon både for brukarar og tilsette.

Fleire nye ordningar på statleg side har oppteke oss, men også arbeidet med

Kvalifiseringsprogrammet som er kommunalt, har kravd mykje fokus.

Utbetalingane til sosialhjelp har auka mykje i 2010. Dette har fleire årsaker, men krevjande omstillingsprosessar kombinert med periodevis redusert mannskap, har gjort det vanskeleg å gje dei som treng denne type hjelp så tett oppfølging som naudsynt, for å få dei over i arbeid eller andre statlege ytingar.

Nye budsjetttiltak

Prosjektet "Hjelp til sjølvhjelp" er lagt inn med ei ramme på kr 0,289 mill kr i 2011 og 2012.

Prosjektet inneber at den kommunale delen av NAV-kontoret blir styrka med ei prosjektstilling i 60 % stilling over 2 år. Formålet er å gje søkjarar om sosialhjelp ei tettare og betre oppfølging slik at kan bli i stand til å greie seg sjølv, anten gjennom arbeid eller gjennom mottak av ei anna statleg yting som dei har krav på.

Staten pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om **krisesenter** til personar som treng denne type hjelp. Jfr tidlegare vedtak om å delta i det store nye krisesenteret som blir bygd i Skien er det lagt inn ei årleg løyving på kr 0,13 mill. til dette føremålet. Beløpet er i samsvar med det som staten har lagt inn i rammetilskotet.

Arbeidet med omsorgsløn er omorganisert slik at delar av ordninga nå blir forvalta av heimetenestene. Føremålet er å gjera ei betre vurdering av omsorgsløn som alternativ til heimetenester. Dette inneber at kr 0,1 mill er flytta frå NAV til heimetenestene.

Handlingsplan 2011

- Vidareutvikle det gode samarbeidet med **brukarutvalet** for NAV slik at brukarane tidleg kan bli kjent med dei endringar som reforma medfører og slik at NAV Kviteseid kan gjera lokale tilpassingar til beste for brukarane.
- Vidareføre **Kvalifiseringsprogrammet (KVP)** innafor rammene av det beløpet som staten har lagt inn i rammetilskotet.
- Gjennomføre Prosjekt "Hjelp til sjølvhjelp" med sikte på å gje betre oppfølging av brukarane og samstundes redusere utbetalingane av sosialhjelp. Målet er å redusere utbetalingane til kr 1,5 mill i 2012.
- Halde fram med å nytte **Husbanken** sine ordningar med statleg bustønad og Startlån innafor ei ramme på kr 1 mill.
- Vidareføre arbeidet med å **fakturere** brukarar for eigendelar for opphald i bustad med heildøgns omsorgstenestar. Ta i bruk nytt IT-verktøy til dette arbeidet.

4.7. Kyrkja

Budsjett for 2011 vidarefører dei justeringane som vart gjort budsjett for 2010 med omsyn til lik handsaming av alle trussamfunn. I økonomiplanen frå i fjor utgjorde desse endringane ein reduksjon på kr 100.000 for 2011, men med justering for endra deflator frå 2010 til 2011 utgjør denne reduksjonen nå kr 89.000.

Tilskot til nytt bårhus vart sett opp i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2010. Som følge av omprioriteringar knytt til oppstart av skjerma avdeling på KOS vart det teke ut av budsjettet gjennom den politiske prosessen. I haust har Fellesrådet på ny lyfta dette prosjektet inn i budsjettprosessen. Nytt no er at dei gjer framlegg om å nytte kr 0,5 mill kr av oppsparte fond til dette tiltaket. Det blir og vist til avvik frå HMS-krav knytt til eksisterande lokale. Krevjande økonomiske utsikter jfr kap 3.4 har gjort at ein likevel ikkje har funne det økonomisk forsvarleg å leggje det inn før i 2014. Krevjande behov i drifta har gjort at ein ikkje har funne rom for å overføre like mykje frå drift til investering. Alternativt måtte ein bryte det økonomiske målet knytt til omfang av gjeld.

For å løyse nokre av problema for dei tilsette i kyrkja gjer rådmannen framlegg om å tilby at dei kan nytte pauseromet på verkstadbygget til driftsavdelinga i kommunen.

Utover dette er det viktig å understreke at det er kyrkja sjølv som er ansvarleg for å ivareta naudsynte HMS-krav for sine tilsette.

5. Kommunale avgifter og brukarbetaling

Gjeldande satsar for kommunale avgifter og gebyr går fram av oppsett på side 30 i tabellheftet. Der går det fram og kor store inntekter dei representerer for budsjettet vårt.

Kviteseid har på nokre område relativt høge avgifter og brukarbetalingssatsar i høve til gjennomsnittet. Ettersom vi har nokre av dei rikaste kommunane i landet som næraste naboar, vil ei samanlikning med dei ofte gje større utslag. Skilnaden til andre kommunar er likevel i ferd med å bli mindre enn han var for berre få år sidan.

5.1. Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber ingen auke i vassavgiftene eller i avløpsavgiftene i 2011. Korkje årsavgifter eller tilknytingsavgifter. Oppsamla midlar i sjølvkostfond blir nytta til å subsidiere avgiftene ein periode. Nye investeringsprosjekt og auka rente gjev kraftig auke i kapitalkostnadene framover. Når fonda er oppbruka må derfor avgiftene opp mot slutten av perioden, for å oppfylle målet om full kostnadsdekking. Det er lagt til grunn ein auke i avløpsavgiftene på 10 % både i 2012 og 2013. Den endelege verknaden vil likevel sterkt avhenge av faktisk rentenivå, tal på tilkoplingar/nye kundar, dei faktiske vedlikehaldsutgiftene og straumpris kvart år.

Avgifter for renovasjon og septik aukar med 2% slik RENOVEST krev.

	Kviteseid	Vest-Telemark	Telemark	Landet
Vassforsyning				
Årsgebyr for vassforsyning	3.523	2.384	2.644	2.711
Tilknytingsgebyr vatn	5.000	2.632	4.908	9.682
Avløp - tømning og reinsing				
Årsgebyr	3.612	3.724	3.614	3.104
Tilknytingsgebyr avløp	5.000	2.632	4.628	10.310
Avfall - tømning og gjenvinning				
Årsgebyr for avfallstenests	2.100	2.085	2.160	2.296
Årsgebyr for septiktømming	1.339	1.360	1.312	1.211

Tabell 4: Samanlikninga av årsavgifter og tilknytingsavgifter for vatn og avløp (KOSTRA 2009)

5.2. Andre avgifter og brukarbetalingar

Feiing

På feiing har me endå ikkje nådd full kostnadsdekking slik dei økonomiske måla føreset. På ei anna side auka avgiftene på feiing relativt mykje i fjor. Samstundes vart det gjort nokre større omleggingar i modellen for utrekning av avgifta. På denne bakgrunn blir det ikkje gjort framlegg om å auke feieavgiftene i 2011. Det er heller ikkje lagt inn auke utover i perioden.

Husleiger

Det er ikkje lagt opp til nye endringar i husleigene utover det som låg i økonomiplanen frå i fjor. Der vart det vedteke ein auke på 500 kr pr måned frå 2011 for dei leilighetane på Sundbø som blir pussa opp. Planen er at ein nyttar noko av dei auka inntektene til å gjera oppussingstiltak før ein krev auka leige.

Pleie- og omsorg

Den lovbestemte maksimalsatsen på heimetenester aukar frå 155 til 160 kr. Det blir gjort framlegg om å nytte den maksimale satsen. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med 20 % for sal av mat til andre, medan prisane for mat til pensjonistane aukar med 10 kr pr stk.

Skule og barnehage

Satsane i kulturskulen aukar med 10 %. Satsane for barnehage er uendra i tråd med dei statleg satsane. For skule- fritidsorninga aukar satsane med 5 %.

Plankontoret.

Det er ikkje lagt opp til reell auke i plankontoret sine gebyr i 2011, men plankontoret melder om behov for ei innbyrdes korrigering av einskilde element i gebyrregulativet, for å få betre samsvar mellom kostnad og faktisk resursbruk. Dette blir lagt fram som eiga sak.

6. Fond og gjeld

Fond


Kviteseid kommune hadde ved starten av dette året relativt store fondsavsetningar. Fleire store investeringar vil medføre at fonda blir redusert i åra som kjem. Dei er likevel over minstemåla som er sett jfr. kap 1.6. Tabellen nedanfor viser utvilninga framover.

	R 2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kapitalfond	11 535	0	1 925	0	0	0
Disp fond	11 517	4 364	6 824	5 469	3 401	3 203
Totale fond	21 649	4 364	8 749	5 469	3 401	3 203
Økonomisk mål	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Over målalet	8 517	1 364	3 874	2 469	401	203

Tabell 5: Utvikling av disposisjons- og kapitalfond

Næringsfondet

Næringsfondet har inntektene sine frå konsesjonsavgifter, sal av konsesjonskraft og unntaksvis frå driftoverskotet. Forliket med regulantane i Arendalsvassdraget gjorde at desse inntektene er sikra i tida framover med ein aukande profil utover i perioden. I tillegg kjem monaleg auka inntekter som følgje av meir sal av konsesjonskraft og endringar vedrørende Fellesfondet. På ei anna side er det som tidlegare nemnt fleire større tiltak som ligg uavklara og som kan føre til monaleg større utgifter frå fondet i åra som kjem.



Figur 2: Utvikling av næringsfondet utover i økonomiplanperioden

Sjølvcostfond vatn og avløp

Dei føresetnadene som er nytta for utgifter og inntekter inneber at alle fond utanom septik blir bygde ned i økonomiplanperioden. For septik aukar fonda noko utover i perioden.

Gjeld

Med bakgrunn i at me må forskottere spelemidlane til fleirbrukshallen må det gjerast eit større kortvarig låneopptak i mot slutten av 2010. I løpet av økonomiplanperioden gjelda bli redusert ned til 105 mill kr.

Lånegjeld	2009	2010	2011	2012	2013	2014
100 mill kr i 2006 kroner justert med konsumprisindeksen	107 264	108 530	108 530	108 530	108 530	108 530
Gjeld i høve til rekneskap	101 975	115 110	111 970	108 590	108 470	105 140
Over måltal(+)/Under måltal (-)	-5 288	6 580	3 440	60	-60	-3 390

Tabell 6: Gjeldsutvikling i økonomiplanperioden

7. Stillingar

Samla sett var det som følgje av budsjettvedtaket i fjor 211,47 årsverk i kommunen. I løpet av året er gjennom budsjettrevisjonane og som følgje av "timebanken" gjort nokre endringar. Dette utgjer netto ein auke på 0,72 årsverk. Rådmannen sitt budsjettframlegg inneber ein auke på 4,69 årsverk slik at det totalt vil vera 216,88 årsverk i kommunen. Desse fordelar seg slik:

- Ei ny full stilling i barnevernet som følgje av øyremarka midlar frå staten
- Nytt dagsenter inneber ein del omdisponeringar av tilsette, både frå gamle Krodokk skule og tenesta for funksjonshemma. Netto effekten er ein auke på 1,04 årsverk.
- I tillegg er det gjort framlegg om styrking av den ordinære staben på Lundenjordet med til saman 0,3 årsverk.
- Kjøkkenet har fått auka ressurs med 0,2 årsverk
- Kviteseidskule har fått 1,02 årsverk, både som følgje av fleire klasser på ungdomsskule
- Straumsnes oppvekstsenter har fått ein reduksjon med 0,15 årsverk. Tilsvarende har også Brunkeberg fått med ein reduksjon på 0,1 årsverk.
- Prosjektstillinga på NAV i 2011 og 2012 utgjer 0,6 årsverk
- På teknisk drift får utvida ei driftsoperatørstilling med 0,4 årsverk
- På KOS er det lagt inn 0,08 stilling for å redusere dei kortaste vaktene.

8. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Handlingsprogram og økonomiplan

Handlingsprogram og økonomiplan 2011-2014, med vedlegg (taldel) skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar frå side 30 – 34 i taldelen av budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova (verksemda til plankontoret) blir fastsett i eiga sak.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2011 vert vedteke slik det går fram av skjema 1 A og 1 B

3. Budsjetttiltak

Det skal gjerast endringar i einingane sine økonomiske rammer slik det går fram av overiktane pr eining frå side 9 – 29 i taldelen til budsjettet.

Nytt dagsenter kan ikkje setjast i permanent drift før det ligg føre avtale med nabokommunane som sikrar den finansieringa som ligg i budsjettet.

5. Fordeling av utgifter mellom einingane.

Einingane sine driftsrammer går fram av tabell 1B korrigert for vedtekne endringar i dei einingsvise tabellane.

6. Stillingar

Talet på stillingsheimlar per eining blir fastsett i tråd med tabell på side 43 i taldelen av budsjettframlegget.

7. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2011 i tråd med tabellane 2a og 2b i budsjettframlegget. For prosjekt som ikkje blir avslutta i 2010 får rådmannen fullmakt til å overføre restbudsjettet til 2011.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån på 1,0 mill kr i 2011. Dette gjeld startlån frå Husbanken.

8. Eigedomsskatt

Det blir skriva ut eigedomsskatt på verk og bruk for heile kommunen med ein sats på 7 promille av takstverdien

9. Vedlegg

Taldel til budsjettframlegget med diverse tabellar og økonomiske oversyn slik det går fram av innhaldslista til dette vedlegget.